




# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. D. Bødker



## Kyrkjelydshelg på Wallemfunet



Borna måla fine sommarbilete og perla smykker og armband. På biletet t.h.ser du Sofie, i djup konsentrasjon.



Det var samlingar og aktivitetar, både ute og inne for store og små. På biletet over leikar dei "monster og pip-pip", der monsteret skal ta pip-pipen. På biletet under stiller soknepresten som frivillig blink til svampkasting og t.h er det tau-hopping. Med strålende sol, vart dette ei kjempefin helg!



T.v. Mat må me også ha! John-Einar og Jostein grillar.



### kyrkjekalenderen

#### Juni

Søn.16. kl. 11.00  
**Sætervikastemne**  
Talar: Oddvar Risøy  
Song, musikk, grilling m.m.

Søn.23. kl. 11.00 - Haga  
**Gudsteneste**  
Dåp og nattverd

Søn.30. kl. 11.00 - Ådland  
**Gudsteneste**  
Dåp og nattverd

#### Juli

Søn.14. kl. 11.00 - Haga  
**Gudsteneste**  
Nattverd

Søn.28. kl. 18.00 - Ådland  
**Gudsteneste**  
v/ prost Margrethe H.  
Askeland  
Dåp og nattverd

#### August

Søn.11. kl. 18.00 - Haga  
**Gudsteneste**  
v/ Knut Ivar Askeland  
Nattverd

Søn.18. kl. 18.00 - Haga  
**Storsamling**

Søn.25. kl.11.00 - Ådland  
**Familiegudsteneste**  
Dåp

## Småting på kyrkjegarden

No er det tid for gravstell på kyrkjegarden. Det er kjekt å sjå at det blømer og vert fint igjen etter den svært lange vintersongen i år. Mange likar å pynta gravene med andre ting enn blomar. Dette er for så vidt greitt, så lenge desse småtinga held seg inne i plantefeltet. Men når småtinga vert liggjande i graset, kan dei koma i vegen for grasklippar og øydeleggja knivane. Difor:

• **Legg ikkje små, lette ting ved grava utan å festa dei.** Dei kan lett blåsa vekk. Lette vasar og lykter er best om du har den typen som kan stikkast i jorda. Småting kan festast med ein

kraftig streng som vert stokke i jorda.

• Ha gjerne nokre steinar til pynt inne på sjølve plantefeltet, men **grava skal ikkje kantast med små steinar som ligg oppå bakken eller stikk opp or bakken.** Då vert det vanskeleg å slå rundt steinane og dei kan losna og verta liggjande ut i graset. Flate, større steinfliser kan brukast rundt plantefeltet, dersom dei fluktar med terrenget rundt. (Dei må gravast ned, slik at dei ligg stabilt kant i kant med bakken. Dei bør ikkje vera så tynne at dei knekk om nokon skulle gå på dei.) Gravstein-leverandørar kan levera slike fliser.

#### • Mål på plantefeltet:

Plantefeltet som høyrer til grava, kan vera like breitt som gravsteinen, men om steinen er smal kan det i alle høve vera opp til 60 cm. Så kan det stikka 60 cm fram for steinen, målt frå bak-kanten av gravsteinen.

• **Sjølvtvanningskassar** kan nyttast, om dei vert grave heilt ned slik at dei fluktar med bakken rundt. Kyrkja kan skaffa slike kassar.

#### Er gravsteinen sige skeiv eller vorte laus i løpet av vinteren?

Ein gravstein som står på boltar, kan ruggast litt på sokkelen, men er veltesikker så lenge han står

rett. Ein gamal stein som ikkje er bolta, kan losna frå sokkelen. Då skal han ikkje støypast på plass att, men boltast. Sidan gravsteinen er dei pårørende sitt ansvar, høyrer det ikkje inn under kyrkjegardsarbeidaren sin jobb å ordna det. Ta kontakt med kyrkjekontoret, så kan me i dei fleste tilfelle få det ordna for dykk. Retting kan me også ta oss av om de ikkje ynskjer å gjera det sjølv, men både retting og bolting må betalast av pårørende. Om de ser lause steinar som verkar farlege, vil me gjerne ha beskjed. Farlege steinar vert lagt flate, før dei evt. vert sikra og sett opp att. *Kyrkjevevja*

### frå kyrkjeboka



#### Døypte

2.6.

Mina Alis Ormehaug



#### Døde

3.6.

Elinor Tysseland

9.6

Anne Karin Totland



I år er det 110 år sidan Nordviksæter-stemnet starta for fyrste gong. Samningar og vaksdalingar har møttes her ved Fitjavatnet og halde gudsteneste eller møte i lag ute i Guds frie natur kvart år sidan den gong. I år held Edvard Bø andakt for dei rundt 60 spreke turgåarane - i strålende solskinn. Etter gudstenesta vart det grilling, prating, leik ved elva for borna og fin musikk frå Anne-Lise som hadde teke med seg trekkspilet sitt opp på fjellet til "kyrkjorgel". Ein fin dag for store og små!

